



# **Strategisk plan for utvikling av skulebiblioteka i Vestland fylkeskommune 2021-2024**



Vestland  
fylkeskommune

# Innhold

<b>Vedtak i fylkestinget .....</b>	<b>3</b>
<b>Eit velfungerande skulebibliotek .....</b>	<b>1</b>
<b>Hovudmål .....</b>	<b>3</b>
<b>Strategiar: .....</b>	<b>5</b>
1. Integrere skulebiblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid....	5
2. Utvikle og nytte biblioteket som studieverkstad og sosialt rom ...	6
3. Utvikle gode og relevante fysiske og digitale samlingar.....	8
4. Gi elevar og tilsette tilgang på bibliotekarkompetanse.....	9
5. Samarbeide med lokalt folkebibliotek.....	10
6. Utvikle infrastruktur og profesjonsfagleg nettverk.....	11
6. <b>Finansiering .....</b>	<b>12</b>
<b>Litteraturliste.....</b>	<b>12</b>
<b>Planprosess .....</b>	<b>14</b>
<b>Uttale frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.....</b>	<b>14</b>
<b>Uttale frå Vestland ungdomsutval .....</b>	<b>15</b>

# Vedtak i fylkestinget

Fylkestinget gjorde 15.desember 2021 dette vedtaket:

1. Fylkestinget vedtek Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 - 2024 slik det kjem fram i saka.
2. Føremålet med planen er å styrke betydninga av velfungerande skulebibliotek som pedagogisk ressurs og gi elevar, lærlingar og tilsette i Vestland eit likeverdig bibliotektilbod.
3. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å organisere gjennomføring av planen.
4. Fylkestinget ber fylkesdirektøren om rapportering om framdrift i planarbeidet



# **Strategisk plan for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021-2024**

## **Eit velfungerande skulebibliotek**

Skulebiblioteket blir ofte omtalt som hjartet i skulen. Dette viser at det er del av kjerneverksemda, som støttefunksjon og ressurs for læring og undervisning. Biblioteket bidrar til kritisk tenking, demokrati og medborgarskap og er ein studiestad elevane kan nytte utan tilsyn av lærar.

Eit velfungerande bibliotek har gode lokale, nok personale og aktuelle digitale og fysiske samlingar. Skular som har satsa lite på bibliotekteneste, bør få meir kunnskap om kva det kan bety i arbeidet med å fornye og forbetre kvaliteten i vidaregåande opplæring.

Føremålet med planen er å styrke betydninga av velfungerande skulebibliotek som pedagogisk ressurs, og gi elevar, lærlingar<sup>1</sup> og tilsette eit meir likeverdig tilbod. Biblioteket må vere tilpassa undervisningsaktivitetane og det miljøskapande arbeidet på kvar skule, som bør ha eit avklart og bevisst forhold til kva bibliotekteneste dei tilbyr sine elevar og tilsette. Planen skal vere mogleg å gjennomføre i ein krevjande økonomisk situasjon.

Det er mykje å lære av dei mange godt fungerande skulebiblioteka i fylket. Her er tre ulike modellar:

**Bergen Katedralskole** (1300 elevar/tilsette) har nye lokale og er bemanna med 1,5 stilling med bibliotekfagleg kompetanse. Skulen er fordelt på tre stadar i Bergen sentrum, med 850 allmennfagelevar i Kong

---

<sup>1</sup> I planen er nemninga elev nytta om alle som får opplæring i skule (også vaksne), og lærling om alle som får opplæring i bedrift (også lærekandidatar)

Oscarsgate og omlag 550 elevar på avdeling Kyrre i Lars Hilles gate og Vaksenopplæringsavdelinga i Kalfarveien.

Biblioteket er lokalisert like ved hovudinngangen i Kong Oscarsgate og blir primært brukt som studiestad og sosialt rom av elevane der. Skulen tilbyr mellom anna International Baccalaureate, ei internasjonal vidaregående utdanning over to år. Biblioteket er svært involvert i denne studieretninga, både med litteraturtilbod og databasar.

Bibliotekarane blir brukte til orientering i mindre grupper, til enkelt-personar eller på lærarsamlingar, på norsk eller engelsk. Tema dei dekker er: Informasjon om bibliotektenesta, søking og bruk av Atekst, Britannica school edition, JSTOR (amerikansk database for vitskapelege tidsskrift), Nasjonalbiblioteket/Bokhylla sine søkerenester, andre databasar og generell søking på Internett. Dei tilbyr orienteringar om informasjonssøking, kjeldekritikk, referansar og om Zotero (referanse-handteringsverktøy). Dei stiller opp med bokpresentasjonar, leseprosjekt i klassane og samarbeider med lærarane i samband med fordjupingsemne.

**Flora vgs** (640 elevar/tilsette) har eit relativt lite skulebibliotek i ein oppussa skule. Biblioteket ligg i felles vrimleareal, med mykje plass til både studierom og sosialt samvær. Det er bemanna med ei 100% stilling. Den tilsette har bakgrunn frå bokhandel. Skulen tilbyr ei rekke yrkesfag og studieførebuande fag.

Skulen er ein del av «Draumeskulemodellen», som arbeider systematisk med det psykososiale miljøet. Målet er å styrke elevane si tilhøyring og motivasjon, gjennom å fremje tryggleik, fellesskap og glede ved å gå på skulen. Medarbeidar på biblioteket er sterkt involvert i dette arbeidet, i tett samarbeid med miljøkoordinator og med høg aktivitet på sosiale medium. Skulen når ut til elevane gjennom Snapchat, Instagram og Facebook med daglege tilbod om aktivitetar, som turneringar og konkurransar. Den skulebibliotektilsette sin kvardag er svært tett på elevane, både som sosial-, miljø-, og fagperson. Ho er kreativ og legg vekt på å nå ut til alle elevar, med deira ulike interesser. Eksempel på aktivitetar er «Peparkakebyen» i desember og sjakturneringar. No er sjakturneringar og mykje anna på nettet.

Biblioteket arrangerer forfattarbesøk, lesekonkurransar og foredrag om kjeldekritikk. Bibliotek- og vrimlearealet er også skulen si kulturscene og ramme for internasjonal dag.

**Kombinasjonsbibliotek** er folkebibliotek, som gjennom avtale med skular, også fungerer som skulebibliotek. I Vestland er det fem kombinerte folke- og skulebibliotek. Det nyaste er Åsane bibliotek /Åsane vgs, og det eldste er Gloppen folkebibliotek/Firda vgs. Slike felles bibliotek kan styrke begge samarbeidande partar. Folkebiblioteket får utvida personale og auka budsjett ved sal av tenester til fylkeskommunen. Skulen får tilgang til eit større bibliotek, både med omsyn til personale og kompetanse, lokalitetar og samlingar. Lokalsamfunnet kjem inn i skulen, og møteplassfunksjonen til folkebiblioteket blir utvida når ungdom og ulike generasjonar møtest i kvar dagen.

## Hovudmål

**Alle elevar, lærlingar og tilsette i vidaregåande opplæring i Vestland har tilgang til eit godt skulebibliotek som ein pedagogisk ressurs for den enkelte skule. Biblioteket sikrar eit trygt og stimulerande læringsmiljø, og er ein integrert og varig del av skulen si pedagogiske verksemd.**

I framlegg til ny opplæringslov heiter det (13-6. Bibliotek) at «Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevane har tilgang til eit bibliotek. Biblioteket skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida og tilrettelagt for bruk i opplæringa»

Den nye læreplanen skal ruste elevane best mogleg for framtida, og skulebiblioteket som læringsarena er viktig for å oppnå måla i LK20. Læreplanen legg vekt på elevaktive læringsformer og djupnelæring, og legg til rette for at elevane skal utvikle seg gjennom å arbeide slik at dei ser samanhengar mellom faga, utviklar evna til å tenke kritisk og

reflektere over det dei lærer. Dette vil gjøre elevane rusta til å møte framtidas krav.

I Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023 vert det lagt vekt på skulebiblioteket som stad for leselyst og leseglede, og at velfungerande skulebibliotek kan støtte opp om nasjonale mål knytt til bl.a. djupnelæring, kritisk tenking, danning og personleg vekst. Bruk av skulebibliotek kan ha ei særleg viktig rolle i arbeid med leseferdigheit og leseglede, språkkompetanse, medie- og informasjonskompetanse samt digital dømmekraft. Biblioteket kan vere ein arena der skulen bygger gode og inkluderande fellesskap som fremmer trivsel for alle

I planverket for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune er det vedtatt at opplæringa skal fornyast og forbetraast for å auke gjennomføringa. Temaplanen «Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring» er eit verktøy i arbeidet. Eit godt bibliotektilbod kan knytast til dei fire måla i planen:

1. Elevar og læringar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.
2. Eit godt samansett lag utviklar eleven, lærlingen og skulen.
3. Vidaregåande opplæring har god samanheng med grunnskule og er heilskapleg, fram til arbeidsliv eller høgare utdanning.
4. Vidaregåande opplæring er ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeidsliv

Det skal arbeidast med seks strategiar for å nå målet:

### **Strategiar:**

1. Integrere skulebiblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid
2. Utvikle og utnytte biblioteket som studieverkstad og sosialt rom
3. Utvikle gode og relevante fysiske og digitale samlingar
4. Gi elevar og tilsette tilgang til bibliotekarkompetanse

5. Samarbeide med lokalt folkebibliotek
6. Utvikle infrastruktur og profesjonsfagleg nettverk

## Strategiar:

### 1. Integrere skulebiblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid

**Mål: Bibliotektilbodet er integrert i opplæringa, tilpassa fagtilbod og undervisingsarbeid og bidrar til å auke læringsutbytte og fullføring.**

Læringsarbeidet skjer i klasserommet eller andre arenaer styrt av læraren. Skulebiblioteket er ein ressurs, som kan spele ei rolle, dersom skulen tek innover seg føremålet med skulebiblioteket og integrerer det i eigne planar og undervisning. Skulebibliotekaren bidrar med kunnskap og ferdigheiter knytt til formidling av informasjon og bruk av ressursar til lærings- og undervisningsaktivitetar som informasjonssøking, prosjektarbeid, problemløsing, trening i lesedugleik, leseinspirasjon og kulturelle aktivitetar.

Ansvarret for det pedagogiske arbeidet ligg til faglærar. Rektor er ansvarleg for planlegging, systematisk samarbeid, ivaretaking av miljøet på skulen og å nytte det fulle potensialet til eit godt skulebibliotek. Leiing og pedagogisk personale må saman med bibliotekansvarleg arbeide for at bibliotektenesta ikkje vert ein underutnytta ressurs.

#### Tiltak:

Rektor:

- Etablere faste samarbeidsstrukturar som integrerer skulebiblioteket både i arbeid med den faglege og sosiale dimensjonen på skulen
- Uttrykke skulebiblioteket sitt potensiale i overordna planar.

- Plassere skulebiblioteket organisatorisk som del av det pedagogiske miljøet på skulen, t.d. i avdeling for språk og samfunnsfag.
- Ta initiativ til å vidareutvikle skulebiblioteket.

Det pedagogiske personalet:

- Ta bibliotekansvarleg med som integrert del av samarbeidet i profesjonstfellesskapet.
- Ta bibliotekansvarleg med i forum der det blir delt erfaringar, prøvd ut nye metodar og utvikla ny praksis.
- Halde seg oppdatert på kva biblioteket kan bidra med og planlegg når det konkret kan involverast i undervisninga.
- Bruke skulebiblioteket i arbeid med opplæring i kritisk tenking.

Bibliotekansvarleg(e):

- Gjere bibliotekenesta kjent og relevant for elevar og pedagogisk personale.
- Ta initiativ og tilby tenester inn i dei ulike pedagogiske opplegga, og aktivt ta del i samarbeid med lærarar og miljøkoordinator.
- Prioritere samarbeid med pedagogisk personale.
- Tilby verktøy som er relevant for skulefaga.
- Utarbeide marknadsføringsmateriell målretta mot elevgrupper og tilsette gjennom skulen sine ulike kanalar, t.d. på informasjons-skjermar på skulen, its learning og Teams.

## 2. Utvikle og nytte biblioteket som studieverkstad og sosialt rom

**Mål: Skulebiblioteket fremjar danning og det psykososiale miljøet på skulen, det er ein stad for arbeid, samarbeid og sosiale møte.**

Skulebiblioteket blir brukt til varierte aktivitetar som å gjere lekser og skulearbeid, møte vene, surfe på nett, finne lesestoff og lese. Dei fleste av desse aktivitetane er ikkje organiserte og oppstår spontant, noko

som er typisk for møteplassar som utset oss for andre inntrykk enn vi vanlegvis oppsøker. Andre møteplassar blir valde ut frå primære interesser og verdiar. Skulebiblioteket er begge typar møteplass. Det er særleg verdifullt for å skape arenaer der elevar kan møtast uforpliktande på tvers av fag og klassar.

Mange bibliotek blir nytta til leksehjelp og individuell rettleiing av elevar. På Amalie Skram vgs er det organisert fleksibel studietid på biblioteket. Det er tilgjengelege lærekrefter til faste tider, som gir hjelpe til å jobbe med faga. I følgje rundskriv frå Utdanningsdirektoratet reknast dette som eit tillegg til det faste timetalekan i faget og kan ikkje redusere fråvær<sup>2</sup>. Men det utelukkar ikkje at ein kan organisere studietid på biblioteket eller i eit anna eigna lokale på skulen.

#### Tiltak:

- Nyte biblioteket til leksehjelp, individuell rettleiing og organisert studietilbod
- Organisere lokalet med plass til arbeid i grupper, stille soner der ein kan arbeide aleine og soner der elevar kan samlast utan å forstyrre andre.
- Involvere bibliotekansvarleg i miljøarbeidet på skulen.
- Gi tilgang til biblioteket etter ordinær skuletid, t.d. gjennom den gradvise innføringa av open-skule-ordninga, med innfasing av 10 skular i året.

---

<sup>2</sup> "Skoleeier/skolen kan også gi elevene ekstra undervisning, for eksempel intensivopplæring, leksehjelp eller lignende. Slik ekstraopplæring vil være et tillegg til det fastsatte timetallet i faget. Det betyr at det totale timetallet i faget ikke endres.

Ekstraopplæring vil ikke kunne redusere fraværet eleven har fått i undervisningstimer som gis som en del av det planlagte årstimetallet i faget. Det må for øvrig være klart for elevene hvilke timer som er ordinære timer, og hvilke timer som er ekstra."

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vitnemal/fravarsgrense--udir-3-2016/?depth=0&print=1>

### 3. Utvikle gode og relevante fysiske og digitale samlingar

**Mål: Skulebiblioteket har oppdaterte samlingar som stimulerer leselyst og lesedugleik, og det tilbyr ressursar med innhaldsmessig fordjuping som supplement til tradisjonelle læremiddel i faga.**

Samlinga i skulebiblioteket er som oftast liten. For at denne skal fungere optimalt, er det naudsynt å drive aktiv samlingsutvikling, dvs. at ein må kjøpe inn nye titlar og luke ut bøker eller andre medium som er øydelagde eller uaktuelle. Innlån frå andre bibliotek og deltaking i konsortiet for e-bøker i Hordaland er eit viktig supplement til eigne samlingar. Det er ønske om tilgang til digitale lærebøker og om abonnement på digitale ressursar, som norske aviser, utanlandske aviser, tidsskrift, leksikon og ordbøker.

Fylkeskommunen organiserer og delfinansierer ei transportordning som gir folkebiblioteka i fylket tilgang til bøker frå alle offentlege bibliotek i landet, inkludert Nasjonalbiblioteket, universitets- og høgskulebibliotek. Biblioteka er med i eit nasjonalt lånenettverk med deling av ressursar gjennom fjernlån. Denne ordninga kan også nyttast til samarbeid og ressursdeling mellom skulane i fylket. Ein kan til dømes dele klassesett og lærebøker i staden for å kjøpe inn nye bøker på kvar skule.

Tiltak:

- Tilpassa innhaldet i samlinga av bøker, tidsskrift og aviser kvar einskilt skule.
- Prioritere innkjøp av nye bøker og kassering av utdaterte fagbøker.
- Supplere fysiske samlingar med digitale tilbod.
- Skular som ønskjer det, knyter seg til transportordninga i Vestland.

## 4. Gi elevar og tilsette tilgang på bibliotekarkompetanse

**Mål: Alle elevar, lærlingar og lærarar i vidaregåande opplæring i Vestland har tilgang til skulebibliotekar.**

Bibliotekarar har spisskompetanse i informasjonssøking og samtids- og ungdomslitteratur, og kan ha ein annan innfallsport til fagområda enn faglærarar. Kompetansen er til nytte i ei rekke lærings- og undervisningsaktivitetar, som prosjektarbeid, problemløysing, trening i lesedugleik, leseinspirasjon og kulturelle aktivitetar. Arbeidet vekslar mellom eit brent mangfald av læringssituasjonar med enkeltelevar, små grupper med elevar, klasseundervisning samt tips og kurs til lærarkollektivet.

Det knyter seg forventningar til bibliotekaren og biblioteket sine tenester, men realitetane rundt bemanning, økonomi og fysiske tilhøve set grenser for kva ein kan få til. Utvikling av skulebiblioteket som læringsarena, sosial møteplass og reell, pedagogisk støtte, krev skulebibliotekkompetanse. Ulike typar utdanning og praksis kan fylle skulebibliotekarstillinga, men ein fagutdanna bibliotekar vil oftast vere det beste valet.

Skulebibliotektilsette har som andre faggrupper på skulen, behov for oppdatering av eigen kompetanse. Dette omfattar både grunnleggande utdanning i skulebibliotek og tilbod om kurs og seminar med bibliotekfagleg oppdatering. Dei fleste skulebibliotekansvarlege arbeider åleine, det er difor viktig med fagsamlingar der ein kan lære av og inspirere kvarandre.

Tiltak:

- Utarbeide sentrale retningslinjer som definere kjerneoppgåvene til skulebibliotekaren og kva som trengs av kompetanse.

- Vurdere kva som er tilstrekkeleg stillingsressurs for å kunne utnytte potensialet til ein bibliotekarfunksjon på kvar skule.
- Vurdere å kjøpe bibliotekarkompetase frå det lokale folkebiblioteket.
- Tilby bibliotektilsette relevante kurs, konferansar, etter- og vidareutdanning.

## 5. Samarbeide med lokalt folkebibliotek

**Mål: Samarbeid mellom skule og folkebibliotek utviklar lokalsamfunn og gir elevar og tilsette eit betre bibliotektilbod.**

Avhengig av lokale tilhøve, er det mange måtar skulebiblioteket kan samarbeide med det lokale folkebiblioteket. For skulen kan eit godt samarbeid med folkebiblioteket medverke til at elevane vert fortrulege med eit alternativt bibliotek utanom skuletida. Folkebiblioteket har større fysisk samling både i breidd og omfang, og såleis har det større tilfang til inspirasjon både for fritidslesing og skullearbeid. Her møter ein eit større personale med anna kompetanse, t.d. i lokalhistorie og barnelitteratur. Folkebiblioteket har meir bemanna opningstid og mange er såkalla meiropne, dvs. at det er tilgang utanom bemanna opningstid.

Ei styrking av samarbeidet mellom skule og folkebibliotek kan bidra til ei betre utnytting av ressursar og tenester i begge sektorar. Det kan gjennomførast tiltak både i dei fem som er kombinerte folke- og skulebibliotek i Vestland<sup>3</sup> og med folkebibliotek i andre lokalsamfunn. Til dømes kan det utviklast arrangement for ulike målgrupper i folkebiblioteket med utgangspunkt i fagmiljøet på skulen, eller elevar kan få tilbod om å praktisere fagopplæring for ulike grupper slik som førskulebarn og eldre som blir inviterte til folkebiblioteket. Folkebiblioteket kan nyttast for å praktisere kunnskap

om marknadsføring eller som utstillingslokale.

#### Tiltak

- Arbeide for at folkebiblioteket sine tenester og tilbod blir meir synlege for større grupper av elevar og tilsette på skulen.
- Nyte folkebiblioteket sin kompetanse i barne- og ungdomslitteratur til pedagogiske føremål.
- Utvikle arrangement i samarbeid med folkebiblioteket.
- Nyte folkebiblioteket som praksisplass i fagopplæringa.

## 6. Utvikle infrastruktur og profesjonsfagleg nettverk

**Mål: Kvaliteten på skulebiblioteka er sikra gjennom ein robust infrastruktur og eit solid profesjonsfaglege nettverk.**

Skulebibliotekrane i fylket har eit fungerande nettverk. Dette nettverket vil bli formalisert og tilpassa ordninga med kompetansenettverk for tilsette på dei vidaregåande skulane. Føremålet med nettverka er fagleg støtte og utvikling for å sikre elevane si læring og følgje opp planverk for sektoren. Vidare vil skulebibliotekarane ha fokus på skulebibliotekarane si rolle og strategien for skulebiblioteka.

Skulebiblioteka nyttar ulike ordningar med omsyn til system for utlån. Om lag 32 skular har systemet BiblioFil gjennom ein felles avtale. Dei øvrige har frittståande basar i systema BiblioFil eller Micromarc eller samarbeid med lokalt folkebibliotek.

#### Tiltak:

- Vidareutvikle det bibliotekfaglege nettverket.
- Vurdere og følgje opp behovet for eit felles bibliotekssystem for skulebiblioteka.

- Vidareutvikle samarbeidet med seksjon for bibliotekutvikling i avdeling for kultur, idrett og integrering om rådgiving og profesjonsfagleg utvikling.

## 6. Finansiering

Bibliotektenesta av kvar einskilt skule, avdeling for opplæring og kompetanse og avdeling for kultur, idrett og inkludering.

## Litteraturliste

Barstad, J., Audunson, R., Hjortsæter, E., & Østlie, B. (2007). Skulebibliotek i Norge. Kartlegging av skulebibliotek i grunnskule og vidaregående opplæring. Volda: Høgskulen i Volda / Møreforskning Volda

Hordaland fylkeskommune (2017). Strategi for utvikling a skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Hordaland 2017 – 2020. Henta frå:

[https://www.hordaland.no/contentassets/8937f0bf744349d78c3ce14e305318\\_bd/strateginy.pdf](https://www.hordaland.no/contentassets/8937f0bf744349d78c3ce14e305318_bd/strateginy.pdf)

Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet. (2016, oktober 5). [inns]. Henta frå:  
<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2016-2017/inns-201617-019s/>

Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet (2019). Rom for demokrati og dannelse. Henta frå:

[\(s.20\)](https://www.regjeringen.no/contentassets/18da5840678046c1ba74fe565f72be3d/nasjonal-biblioteksstrategi-endelig-uu.pdf)

Kunnskapsdepartementet (2016). Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen. (Meld.St.21. (2016–2017)). Henta frå:  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/71c018d2f5ee4f7da7df44a6aae265bc/no/pdfs/stm201620170021000ddpdfs.pdf>

Kunnskapsdepartementet (2016). Fag – Fordypning – Forståelse – En fornyelse av Kunnskapsløftet. (Meld.St.28 (2015-2016)). Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e8e1f41732ca4a64b003fca213ae663b/no/pdfs/stm201520160028000dddpdfs.pdf>

Kunnskapsdepartementet. (2017). Overordnet del – verdier og prinsipper. Henta frå:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/53d21ea2bc3a4202b86b83cfe82da93e/overordna-del---verdiar-og-prinsipp-for-grunnopplaringa\\_nynorsk.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/53d21ea2bc3a4202b86b83cfe82da93e/overordna-del---verdiar-og-prinsipp-for-grunnopplaringa_nynorsk.pdf)

Kunnskapsdepartementet (2019). Ny opplæringslov (NOU 2019:23). Henta frå

<https://www.regjeringen.no/contentassets/0147d443bffd49f9971f54bfc26b5972/nou-2019.pdf> (§ 13-6 og kap. 42.4. Bibliotek, s.538)

Kunnskapsdepartementet (2019). Med rett til å mestre. Struktur og innhold i videregående opplæring (NOU 2019:25), Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/2c79526bf80444b7ba90d1f22e52530b/no/pdfs/nou201920190025000dddpdfs.pdf>

Rafste, E. T. (2001). Et sted å lære eller et sted å være : En case-studie av elevers bruk og opplevelse av skolebiblioteket. Oslo: Universitetet i Oslo.

Vestland fylkeskommune. Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 – 2025. «Fornye og forbetra – Auka gjennomføring». Henta frå:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/utdanning-og-karriere/mål-og-strategiar-for-vidaregaande-opplaring-i-vestland-fylkeskommune.pdf>

Aabø, S., Audunson, R. A. (2012) Use of library space and the library as place. Library Library & Information Science Research. Vol. 34

# Planprosess

Arbeidet med strategien har vore organisert som eit prosjekt.

- Styringsgruppe: fylkesdirektør opplæring og kompetanse og fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering
- Prosjektgruppe: seniorrådgjevar frå seksjon for bibliotekutvikling (leiar), skulebibliotekkoordinator, ein områdeleiar og ein frå seksjon for kvalitet i opplæringa.
- Referansegruppe: Ein representant frå Vestland ungdomsutval, fire rektorar og fire skulebibliotekarar

Det har vore innspelsmøte med elevar, skulebibliotekarar og rektorar. Undervegs har ein besøkt åtte skulebibliotek og samtalt med rektorar og skulebibliotektilsette. Referansegruppa har vore aktiv i arbeidet, både med individuelle innspel og på møte. For å kartlegge status og utfordringar, vart det i november 2020 sendt ut ei spørjeundersøking til alle rektorar i fylket. Vedlagt er eit samandrag av undersøkinga.

## Uttale frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne handsama i møtet 01.12.2021 saka PS 45/21 «Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 - 2024»

Rådet gav følgjande uttale:


RMNF vil peike på kor viktig det er at skulebiblioteka tek høgde for dei behov menneske med nedsette funksjonsevne har, både for fysisk tilrettelegging og for å få tilbod tilpassa til dei funksjonsnedsettingane ein har. Det er også viktig at dei tilsette har kompetanse inn mot desse utfordringane.

# **Uttale frå Vestland ungdomsutval**

Vestland ungdomsutval handsama i møte 19. november 2021 i PS 50/21 «Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021-2024».

VU gjev følgjande uttale:

Vestland Ungdomsutval stiller seg bak forslaget til innstilling.



vestlandfylke.no